

**SKRIFTLEG SPØRSMÅL TIL MØTET I HOVEDUTVAL FOR KULTUR, IDRETT OG INTEGRERING I
VESTLAND FYLKE TIRSDAG 21.JANUAR 2020.**

VESTLAND FYLKESKOMMUNE OG JERNROSA POLITISK LITTERATURFESTIVAL I ODDA 1.-2.MAI 2020.

Sidan 2016 har det vakse fram ein nyskapande arbeidarlitterurfestival i Odda den første helga i mai. Denne blir kalla Jernrosa-festivalen, oppkalt etter verdas største jernrose som står utanfor Oddasmio. Denne vart håndsmidd etter den internasjonale smedfestivalen i Odda like etter 22.juli-tragedien i 2011. Jernrosa er eit symbol mot vald og terror – for kjærleik og solidaritet. Initiativtakar, festivalleiar og primus motor har vore Odda-forfattaren Lars Ove Seljestad, med god hjelp av Sentralbadet Litteraturhus og mange frivillige. Denne vår festivalen har blitt ein arena for arbeidar- og sosiallitteratur som eit viktig og spanande supplement til det store Litteratussymposiet i Odda i oktober kvart år.

I fjor fekk Lars Ove Seljestad LO sin kulturpris for sitt forfatterskap og engasjement for denne unike litterurfestivalen i Norge. Dette førte til at LO nyleg har oppretta ein ny pris, LO sin litteraturpris, som skal delast ut for første gong i Odda av leiar i LO sitt kulturutval, Julie Lødrup, i samband med den 5. Jernrosa-festivalen 2020, som startar 1.mai i år. Denne prisen skal auke statusen til arbeidarlitteraturen og løfte fram arbeidsfolk sine fortellingar.

Dei siste åra har Jernrosa-festivalen fått økonomisk tilskot frå m.a. Odda kommune og Hordaland fylke for å kunne realisere denne kulturelle nyskapinga. I både 2018 og 2019 fekk festivalen 50.000 av Odda kommune og 30.000 og 35.000 av Hordaland fylke. Totalbudsjettet er på ca. 500.000. I samband med at Odda kommune har slått seg saman med Jondal og Ullensvang herad til Ullensvang kommune og Hordaland fylke har slått seg saman med Sogn og Fjordane til Vestland fylke frå 1.1.2020, har slike tilskotsordningar blitt tatt opp til ny vurdering eller blitt utsatt på ubestemt tid. Dette har diverre råka både Jernrosa-festivalen og andre kulturinitiativ som har behov for økonomiske avklaringar tidleg i 2020.

På denne bakgrunn vil eg gjerne spørre utvalsleiaren og kulturadministrasjonen i Vestland fylke om korleis dette kan løysast.

1. Fortener Jernrosa-festivalen i Odda støtte frå Vestland fylke i 2020?
2. I tilfelle ja, kan ein søknad frå Jernrosa-festivalen og andre som treng snarlege avklaringar for å kunne gjennomføre planlagte arrangement i 1. halvår 2020, få ekstraordinær politisk handsaming, t.d. på neste utvalsmøte?

Terje Kollbotn (Hovedutvalsmedlem frå Raudt Vestland)